

SOS brannconsult as
Att.Torfinn Slåtto
Elvevegen 4
3550 GOL

Vår ref 2024/3639-2	Deres ref	Dato 10.07.2024	Delegert til Utvalg for plan og utvikling delegert	Delegert saksnr. 525/24
------------------------	-----------	--------------------	---	----------------------------

60/205 - Dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag. Igangsettingsløyve for tilbygg til bygning for reinseanlegg. Geilo

Byggeplass: Lauvrudvegen 36

Tiltakshaver:	Hol kommune	Adresse:	Ålmannvegen 8/ 3576 HOL
Søker:	SOS Brannconsult	Adresse:	Elvevegen 4/ 3550 GOL
Tiltakstype /	214 Bygning for reinseanlegg/		
Tiltaksart:	Tilbygg – Offentleg føremål over 50 m ²		

Søknad motteke: 25.6.2024			
Grad av utnytting	Matrikkelareal	Bruksareal (BRA)	Bygd areal (BYA)
	Tilbygg: 189 m ²	Tilbygg: 189 m ²	Tilbygg: 196 m ²

VEDTAK 1:

Med heimel i plan - og bygningslovas § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå planføresegn 3.1 til kommunedelplan for Geilo, for oppføring av tilbygg til kommunalt reinseanlegg i byggeforbodssona på 100 meter mot Usteåne. Dispensasjonen gjeld for eit tilbygg i samsvar med søknad dagsett 26.5.2024. Grunngevinga er tilbygg skjer til eksisterande reinseanlegg i område avsett til kommunalteknisk anlegg på plankartet til kommunedelplanen. Med denne plasseringa og bruken av bygget, vil ein dispensasjon ikkje vesentleg sette til side føremålet med byggeforbodssona. Det er av fordel for samfunnsinteressene at eit kommunalt reinseanlegg blir drifta på ein effektiv og trygg måte, og tilbygget dispensasjonen gjeld for er med på å sikre dette.

Interessene til statleg eller fylkeskommunalt mynde er funne å ikkje bli rørt ved av ein dispensasjon, og det er difor ikkje funne grunntil å be om fråsegn frå desse.

VEDTAK 2:

Med heimel i plan- og bygningsloven §§ 20-3 og 21-4 blir søknaden om igangsettingsløyve for tilbygg til reinseanlegg og omlegging av avløpsleidning på eigedomen 60/205 godkjent på fylgjende vilkår:

1. Dersom det under anleggsarbeid vert treft på automatisk freda kulturminne, eksempelvis i form av helleristingar, brend leire, keramikk, flint, groper med trekol og/eller brend stein, slagg etter jernframstilling osv., skal arbeidet straks stoppast og fylkeskommunen varslast, jf. lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50, (kulturminnelova) § 8.
2. Løyvet fell bort om arbeidet ikke er satt i gang innen 3 år. Det samme gjeld om arbeidet stansar i lenger tid enn 2 år. Jf. plan- og bygningslovas (pbl.) § 21-9.
3. Rivings- og bygningsavfall skal leverast til godkjent mottak.
4. Før tiltaket blit tatt i bruk må det sendast inn søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Jf. pbl. § 21-10.

Erklæring av ansvarsrettar:
Ansvarlig søker er ansvarleg for at tiltaket er dekt med ansvarsrettar for SØK, PRO, UTF og eventuelt KONT. Jf. pbl. § 23-4. Ansvarleg søker skal syte for at kommunen til kvar tid har den oppdaterte gjennomføringsplanen, se til at alle ansvarsområder er dekt og at endringar, manglar og opphør av ansvarsretter meldast til kommunen. Jf. SAK10 § 12-2 bokstav d, jf. pbl. § 23-8.

Jf. § 23-3 i pbl. kan kommunen frata føretak ansvarsrett. Ansvarsrett fell bort ved vedtak om ferdigattest, men kommunen kan gje pålegg om retting eller utbedring innan fem år etter at det er gjeve ferdigattest.

Kommunen plikter å føre eksisterende og ny bygningsinformasjon i Matrikkelen jf. matrikkelova § 25, 1. lekk.

Med helsing

Kamilla Holberg Mjøsund
Leder plan og utvikling

leiar plan og utvikling

Borgar Underdal
byggesaksbehandlar

Elektronisk godkjent uten signatur

Vedlegg

- 1 Situasjonsplan
- 2 Fasader 240503
- 3 Plan 240503
- 4 Fasade og snitt 240503
- 5 AV Tegning_omlegging_Geilo-RA

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på til Statsforvaltaren i Oslo og Viken. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. Klage vert å sende til Hol kommune, Ålmannvegen 8, 3576 HOL. Eit søksmål eller erstatningskrav kan ikkje fremjast utan at klageretten er nytta, jf. forvaltingslova § 27b. De må opplyse kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven. De vert og bede om å opplyse når vedtaket vart motteke, om det er uklart om klagefristen har gått ut.

Sjølv om det er høve til å klage, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De kan søkja om å få utsett iverksetjing til klagefristen er ute, eller til klagen er handsama. Vedtak om utsatt iverksetjing kan ikkje klagast på.